

Vår ref.:
24/7908Saksbeh.:
PSDI

Ark.:

Dykkar ref.:

Dato:
05.04.2024

Forskrift om ordensreglar for grunnskulen i Sula

§ 1. Heimel

Med heimel i lov av 9 juni 2017 nr. 38, § 9A-10 om ordensreglement i grunnskular, har Sula kommune fastsett forskrift om eit felles ordensreglement for grunnskulen i Sula.

Innanfor ramma av den kommunale forskrifta om kva rett og plikt ein elev i Sulaskulen har, har den enkelte skule høve til å utarbeide utfyllande reglar tilpassa dei lokale forholda. Dei kommunale reglane er overordna dei reglane som kvar skule vedtek.

Ordensreglane må sjåast i samanheng med arbeidet skulane gjer for å sikre det enkelte barn eit godt psykososialt læringsmiljø, samt bidra til at det enkelte barn, i tett samarbeid mellom heim og skule, får hjelp og rettleiing til å utvikle seg emosjonelt, sosialt og kognitivt ut i frå sine føresetnader, gjennom grunnskuleløpet.

§ 2. Formål

Formålet med forskrifta er å gi reglar for kva rett og plikt ein elev i Sulaskulen har og kva konsekvensar det vil ha for eleven om ho / han bryt desse reglane (§9A-10).

Alle tilsette i Sulaskulen skal arbeide systematisk for å skape eit trygt og utviklande skulemiljø for alle. «Felles plattform for pedagogisk leiarskap» ligg til grunn for korleis tilsette møter elevane. Alle som arbeider på skulen skal ha god kompetanse på kva det vil seie å ha det trygt og bra på skulen, kva som kan vere ein trussel mot gode skulemiljø, og korleis vaksne skal gripe aktivt inn når dei observerer at ein elev ikkje har det bra, t.d er utsett for krenkande åtferd som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Aktivitetsplikta gjeld og om krenking skjer i andre arenaer enn på skulen, dersom dette medfører at barnet ikkje har det bra på skulen. Skulane skal undersøkje alle meldingar som kjem til skulen om at eit barn ikkje har det bra, uavhengig av årsak. Skulane skal følgje opp både dei elevane som er utsett for krenkande åtferd og dei som krenkar andre. Skulane skal samarbeide tett med føresette, eventuelt andre instansar, i saker der ein elev ikkje har det bra. Skulane sine rutinar skal sikre eit forpliktande samarbeid med foreldre til born som er involvert i krenking. Tiltak og andre åtgjerder skal dokumentere arbeidet, heilt til borna opplever å ha det bra.

Om ein elev vert krenka av ein tilsett i skulen, skal kommunalsjefen varslast umiddelbart.

For skulane i Sula er alle elevane likeverdige. Sulaskulen ynskjer å legge til rette for aktiv medskaping frå sjølvstendige elevar som nyttar sine personlege føresetnader på best mogleg måte. *Elevrådet* på kvar skule skal kvar haust få høve til å diskutere korleis elevane på skulen kan hjelpe kvarandre med å få til eit trygt og godt miljø for ALLE på skulen, på skulevegen og i sosiale media. Elevrådet skal kvar vår få høve til å diskutere kva elevane får godt til i arbeidet med å skape eit positivt skulemiljø, kva dei ynskjer å få til betre - og kva hjelp dei treng frå dei vaksne for å lukkast.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 91 00

E-post:
post@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
4212.23.28079
Skattekonto:
6345 06 15317
Foretaksnr.:
964 980 543

Sula kommune har nulltoleranse for krenkjande åtfærd og mobbing. Nulltoleransen gjeld alle, utan unnatak, men skulen skal ha *eigne prosedyrer* for elevane ein veit er sårbar på impuls kontroll og sjølvinnst, slik at dei og kan utvikle evna til å sjå samanhengen mellom eigen åtfærd og konsekvensane som vert sett inn. Skulane skal arbeide i nært samarbeid med PPT på dette fagfeltet.

§ 3. Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle dei kommunale skulane i Sula. Den kommunale forskrifta kan ikkje fråvikast. Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida, på skulen sitt område, i alle former for undervisning i andre arenaer enn på skulen sitt område som ved leirskule, studieturar, ekskursjonar og andre aktivitetar i skulen sin regi. Der det er angitt, gjeld ordensreglane for sosiale media og på skulevegen. Så langt det høver gjeld ordensreglane i SFO-tida.

Rektor har ansvar for at elevane og føresette årleg få utlevert og gjennomgått kommunen sitt felles ordensreglement (og eventuelle lokale ordensreglar). Foreldra i barneskulen / elevane på ungdomsskulen skal kvittere på at ordensreglementet og konsekvensar ved brot, er gjort kjent.

§ 4. Reglar for orden og åtfærd:

1. I Sulaskulen har vi NULLTOLERANSE for fysiske og/ eller psykiske krenkingar, mobbing eller diskriminering på grunn av kjønn, nasjonalitet, utsjånad eller legning. Nulltoleranse betyr at slik atferd skal stoppast umiddelbart av dei vaksne som observerer, eller får kjennskap til, at det forekjem.

2. Som elev har du rett til:

Å høyre til i ein fellesskap leia av vaksne som bryr seg

Å få hjelp til å forstå og følgje reglane på skulen

Å lære nye ting og ferdigheiter, og å utvikle deg til det beste du kan vere, i fellesskap med medelevar og i tråd med gjeldande læreverk.

Å ha det trygt på skulen og på skulevegen.

Å lære om nettvett

Å få hjelp / rettleiing frå dei vaksne når du ikkje har det trygt og godt på skulen, skulevegen og sosiale media, uansett årsak.

Å lære å seie kva du meiner og å diskutere ei sak på ein god måte, utan å krenke andre, også i digitale fora.

Å få oppgaver som korkje er for vanskelege eller for lette, men utfordrar deg og er mogleg for deg å klare.

Å få god hjelp fra dei vaksne til å forstå kva du skal lære, korleis det er lurt for deg å arbeide og kva læreren og du vil sjå etter til slutt, for at de begge skal være nøgde med arbeidet ditt.

Å involverast i undervisningsvurdering og reflektere saman med læraren over kva som skaper god læring, og om tilhøve eleven og læraren saman eller kvar for seg kan gjere noko med.

Å få hjelp til å vere ein god venn og ordne opp viss du har gjort noko dumt eller gale.

Å få vite på førehand (ved skulestart) kva konsekvensar det får for deg om du bryt reglane på skulen.

Å få forklare deg og bli høyrtd dersom nokon meiner du har brote reglane på skulen

Å få snakke med kontaktlærar, elevrådsrepresentantar, rektor eller anna personale når det er noko du ønskjer å ta opp eller ønsker

3. Som elev har du plikt til:

Å møte presis til kvar time med det utstyret som trengs.

Å utføre skulearbeidet til avtalt tid og å gjere ditt beste.

Å opptre slik at du ikkje øydelegg for andre eller deg sjølv, på skulen, på skulevegen/skulebussen og på nettet (sosiale media)

Å ta ansvar, og ordne opp etter deg, om du kjem i skade for å krenke eller øydelegge for nokon.

Å gjere ditt beste for at alle får vere med i fellesskapen.

Å seie STOPP eller varsle ein vaksen når du ser eller forstår at ein medelev vert krenka eller utestengt frå fellesskapen, på skulen, på skulevegen eller på sosiale media.

Å ta godt vare på skulebygg, inventar og skulemateriell og ta ansvar (=ordne opp etter deg) viss du kjem i skade for å øydelegge noko.

Å rette deg etter reglane som gjeld for utstyret på skulen (t.d. digitalt utstyr) og for bruken av privat utstyr.

Å rydde opp etter deg. (Når du forlet eit arbeidsrom, har du medansvar for rydding.)

Å ikkje ha med godteri, brus eller energidrikk, anna enn om det er avtala med lærar.

Å rette deg etter tilsnakk frå dei vaksne på skulen.

4. Det er ikkje lov å:

- ha snus, tobakk eller rusmidlar (forskrift om miljøretta helsevern i bhg. og skular § 18).
- ha farlege gjenstandar som kan nyttast til å skade andre. Det kan bli gjeve unntak kun etter avtale med lærar eller skuleleiinga (forskrift opplæringslova § 12-1 Endra med forskrift 1 okt 2012 nr. 1481.).

5. Retningslinjer for bruk av mobiltelefon og smartklokke, med ringe- og meldingsfunksjon

1. Generelt

- a. Barneskulane: mobiltelefon eller smartklokke med ringe- og meldingsfunksjon skal vere avslåtte og oppbevart i sekken eller i mobilhotell gjennom skuledagen.
- b. Ungdomsskulen: mobiltelefon eller smartklokke med ringe- og meldingsfunksjon skal leverast inn til skulen om morgonen. Elevane får den tilbake ved slutten av skuledagen.
- c. Mobiltelefonar skal ikkje nyttast i undervisningstida, med mindre det er ein del av undervisninga og er tillate av læraren.

2. Oppbevaring av mobiltelefonar

- a. Barneskulane: på klasserom med mobilskap skal telefonane oppbevarast der. På klasserom utan mobilskap skal telefonane vere avslåtte og oppbevarast i sekken gjennom skuledagen.
- b. Ungdomsskulen: mobiltelefon eller smartklokke med ringe- og meldingsfunksjon skal leverast til skulen om morgonen.

3. Inndraging av mobiltelefonar

- a. Barneskulane: Dersom ein elev bryt reglane ved å ha mobiltelefonen på seg i skuletida, vil denne bli inndratt av skulen og returnert ved slutten av skuledagen. Ved gjentekne brot på reglane må føresette kome og hente telefonen.
- b. Ved brot på reglane må føresette kome og hente telefonen.

4. Informasjon til føresette

Skulen vil informere føresette om reglane og konsekvensane av å bryte dei. Føresette vert oppmoda om å støtte opp om skolens retningslinjer for å fremje eit godt læringsmiljø.

5. Implementering

- a. Skolens leiing og lærarar er ansvarlege for å handheve retningslinjene og sikre at elevane følgjer dei.
- b. Endringar eller avvik frå desse retningslinjene vil bli kommuniserte tydeleg og på førehand til elevar og føresette.

Desse retningslinjene er utforma med sikte på å skape eit fokusert læringsmiljø og fremje god skikk og bruk blant elevane ved Sulaskulen.

6. Ved fråvere frå skulen gjeld følgjande reglar:

Elevane i barneskulen skal ikkje gå utanfor skuleområdet i løpet av skuledagen, utan etter avtale med kontaktlæraren eller nokon i administrasjonen.

Fråvere frå skuletimar, også når du ikkje kan delta i vanleg kroppsøving, skal dokumentrast med melding frå føresette (elektronisk, eller slik det er avtalt med skulen).

Du har ansvar for å søke permisjon i god tid og etter retningslinjene i det kommunale permisjonsreglementet ved planlagt skulefråvere.

§ 5. *Tiltak ved brot på ordensreglane*

Formålet med desse konsekvensane/ sanksjonane er at eleven skal lære å opptre i tråd med ordensreglane. Alle sanksjonar/ konsekvensar ved brot på reglane skal iverksettast på ein måte som gjer at eleven forstår kva slags reglar som er brote og kvifor skulen reagerer.

Kontroll

Ved skjellig grunn til mistanke om overtredning av § 4, pkt 4, kan skulen si leiing foreta ein ytre kontroll av elevane sine eigendelar, til dømes sekkar og vesker, samt andre plassar for oppbevaring som vert disponert av elevane, til dømes garderobeskap, bokskap og liknande.

1. Konsekvensar

Før alvorlege konsekvensar vert sett i verk, har eleven krav på å forklare seg munnleg ovanfor den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har i møte med skulen rett til å ta med seg ein person.

2. Straffbare forhold

Dersom det ligg føre mistanke om straffbare forhold, skal skulen be om politiet sin bistand til å gjennomføre kontroll eller andre tiltak. Dette gjeld forhold som tjuveri, skadeverk, vald, trugslar, tvang, narkotika, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakkasering, sjikane på grunn av religion, livssyn og liknande. Eleven sine føresette skal, så vidt som det er mogleg, verte varsla munnleg samstundes som politiet vert anmoda om bistand. Foreldre/føresette skal uansett verte varsla skriftleg om at det er søkt om bistand frå politiet. Straffbare forhold skal meldast til politiet. Dersom den fornærma er ein elev, avgjer eleven/foreldre/føresette om forholdet skal meldast til politiet.

3. Erstatningsansvar

Ved bevisst skade eller skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr kan eleven, i tillegg til å verte ilagt sanksjonar etter reglementet her, også bli erstatningsansvarleg jamfør lov om skadeerstatning § 1-1. Foreldre er erstatningsansvarlege etter lov om skadeerstatning §1-2, for tida inntil kr. 5000. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr. Skulen skal reagere dersom elevar øydelegg andre elevar/tilsette sine eignelutar.

4. Brot på ordensreglane kan medføre følgjande tiltak:

- a. Munnleg irrettesetting.
- b. Munnleg melding til foreldre/føresette.
- c. Skriftleg melding til foreldre/føresette.
- d. Inndraging av gjenstandar som kan brukast på ein farleg, provoserande eller krenkande måte. Inndregne gjenstandar kan hentast tilbake av foreldre/føresette. Ulovlege gjenstandar vert levert til politiet. Rusmidlar vert levert til politiet.
- e. Påbod om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eignelutar (reparere, rydde søppel, fjerne tagging, vaske eller liknande).
- f. Beskjed om å møte utanom vanleg skuletid.
- g. Mellombels eller permanent gruppetilhøyrgheit. Foreldre/føresette vert informert.
- h. Utestenging av einskilde elevar frå spesielle arrangement, aktivitetar og verv.
- i. Tidsavgrensa individuelt opplegg for undervisning i samråd med PPT og føresette.

5. Utvisning

Ved vald og/eller trugslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10. klassetrinn verte utvist frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7. klassetrinn kan verte utvist frå undervisninga for einskilde timar og for resten av dagen. Rektor vedtek utvisning etter å ha høyrte eleven munnleg og rådført seg med lærarane til eleven. Før det vert gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre tiltak. Foreldre/føresette til eleven skal verte varsla før utvisning vert sett i verk for resten av dagen på 1.-7. klassetrinn, og før utvisning for heile dagar på 8.-10. klassetrinn, jamfør opplæringslova § 9A-11.

6. Flytting av elev til annan skule

«Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første ledd, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven krenkar / skader ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak», jamfør opplæringslova § 8-1. 3. avsnitt. Kommunalsjefen har avgjerdsmynde slike saker.

7. Ugyldig frávær

Dersom eleven er borte frå skulen i meir enn tre dagar, skal heimen kontakte skulen.
Ved ugyldig frávære skal kommunal rutine følgjast.

8. Karakter i orden og åtfærd

Karakteren i orden og åtfærd skal, som hovudprinsipp, verte sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar i dette ordensreglementet, eller ved den einskilde skule sitt tilleggsreglement. I tillegg kan karakteren verte sett ned ved spesielt grove brot på reglementet, sjølv om det er snakk om ei einskild hending jamfør forskrift til opplæringslova § 3-5.

(Her finn ein lovteksten, rettleiing og klageskjema)